

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021

Michal Niedzwiecki sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Me i Vestland Ungdomsutval synst at planen for regional plan for klima inneheldt mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdommen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til. Ein ting som vi ungdommen savna litt i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.»

Avrøysting

Niedzwiecki sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå Vestland ungdomsutval

Vestland ungdomsutval synst at plan for regional plan for klima inneheldt mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdommen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til. Ein ting som ungdommen saknar i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.